



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
101/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	13.10.2020

Offentleg ettersyn - handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2021) i Volda kommune

Samandrag:

Handlingsprogrammet for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal rullerast og det er utarbeidd eit framlegg som planleggast å gjelde for Volda kommune i 2021. Handlingsprogrammet utgjør ein føresetnad for at lag/organisasjonar/kommunen m.fl. kan søkje om tilskot frå den statlege spelemiddelordninga. Handlingsprogram som omfattar tiltak/anlegg i Volda kommune skal i første omgang sendast på offentleg ettersyn og er utarbeidd på basis av gjeldane handlingsprogram samt på bakgrunn av nye innspel frå lag og organisasjonar og offentlege instansar.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 13.10.2020:

Behandling:

Saka vart ettersendt møtedagen og sett på saklista i møtet. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

TFU- 101/20 Vedtak:

1. Handlingsprogram for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2021 – vert lagt ut til offentleg ettersyn slik det går fram av saksvedlegg 1 og 2.

2. Andre registrerte anlegg, jf. liste nemnt i saksutgreiinga, er prioriterte idretts- og friluftslivs-anlegg som kan få plass i handlingsprogrammet og ha prioritet ved seinare rulleringar, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga etter kvart som dei er klargjorte for søknad og har tilfredsstillande planar for finansiering og drift.

3. Handlingsprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veke og skal endeleg godkjennast av kommunestyret når innspel og endringsframlegg er vurderte.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. **Handlingsprogram for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2021 – vert lagt ut til offentlig ettersyn slik det går fram av saksvedlegg 1 og 2.**
2. **Andre registrerte anlegg, jf. liste nemnt i saksutgreiinga, er prioriterte idretts- og friluftslivs-anlegg som kan få plass i handlingsprogrammet og ha prioritet ved seinare rulleringar, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga etter kvart som dei er klargjorte for søknad og har tilfredsstillande planar for finansiering og drift.**
3. **Handlingsprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn i 4 veke og skal endeleg godkjennast av kommunestyret når innspel og endringsframlegg er vurderte.**

Vedlegg:

Vedlegg 1 - handlingsprogram ordinære anlegg 2021 - offentlig ettersyn

Vedlegg 2 - handlingsprogram nærmiljøanlegg 2021 - offentlig ettersyn

Innspel frå Volda kommune til tiltak i handlingsprogrammet for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Volda kommune

Innspel frå VTI Fotball om spelemidlar 2021 rullering av handlingsprogram og organisering av søknadar

Spelemidlar for 2021 - rullering av handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Volda kommune

Innmelding av tiltak frå VTI Diskgolf til handlingsprogram for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Innmelding av tiltak frå Hornindal skisenter til handlingsprogram for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Saksopplysningar:

På grunn av kapasitetsmangel er ein ikkje kome i mål med revisjon av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Volda.

For at ein ikkje skal stoppe opp i høve realisering av nye anlegg for idrett samt andre anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv er det utarbeidd eit framlegg til handlingsprogram for 2021 der det er sett opp kva prioriteringar som bør gjelde i høve tilskot frå den statlege spelemiddelordninga.

For å kunne søkje om tilskot frå spelemidlane er det ein føresetnad at anlegget er vedteke med prioritet i eit vedteke handlingsprogram i kommunen.

Gjennom kunngjering i lokalavisene Møre og Fjordingen, samt i eige orienteringsbrev er lag og organisasjonar i Volda invitert til å kome med framlegg til prosjekt som bør takast inn i handlingsprogrammet. Frist for å kome med forslag var sett til 01.10.2020.

Det nye handlingsprogrammet er utforma med basis i gjeldande program for Volda kommune.

For å kome i mål med kommunen sin godkjeningsprosess tidsnok i høve fristane for spelemiddelsøknadane er det sett opp følgjande tidsplan for arbeidet:

- 01.10.2020 Frist for å kome med framlegg til tiltak i handlingsprogrammet
- 20.10.2020 Vedtak om utsending til offentlig ettersyn i formannskapet.
- 20.10.2020 – 12.11.2020 Tidsperiode - offentlig ettersyn/høyring av handlingsprogrammet.
- 26.11.2020 Sak om godkjenning av handlingsprogrammet. Vedtak i kommunestyret.
- 16.12.2020 Søknadsfrist for spelemiddelsøknadar til kommunen.
- 15.01.2021 Frist for kommunen til å vidareseende søknadane til fylkeskommunen.

Handlingsprogrammet er delt i to kategoriar; **ordinære idrettsanlegg** som definerast som anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet og **nærmiljøanlegg** som er anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Handlingsprogrammet er inndelt slik fordi spelemiddelordninga har tilsvarande kategorisering. Anlegga er gitt prioritering med nummerering frå 1 og nedover.

Følgjande framlegg er mottekne under førebuing til rullering av handlingsprogrammet:

Ordinære anlegg (anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet):

- Juniortrekk til barneområdet ved Hornindal skisenter.
- Barnepark og skicross for born tilknytta juniortrekker/barneområdet ved Hornindal skisenter.
- Lyssetting av barneområdet - Hornindal skisenter.
- Rehabilitering av sanitæranlegg Årneset
- Skifte av flomlys på Kragsetbana - Volda stadion.
- Totalrenovering gml klubbhuset - Volda stadion
- Dagsturhytte Helgehornet (sanering av eksisterande bygg)

Nærmiljøanlegg (utandørs anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bo- og/eller opphaldsområde):

- Aktivitetsområde ved Volda ungdomsskule.
- Omdefinering av langrennsscross/ski-leikområde ved Hornindal skisenter til nærmiljøanlegg.
- Diskgolfanlegg ved Volda stadion/Årneset.

I tillegg til dei prosjekta som er prioritert i forslaget til handlingsprogram eksisterer det ein del tiltak som kan kome til utførelse dei komande åra. Desse er:

- Rydding av stiar og fiskeplassar, Hornindal grunneigarlag
- Skileik/aktivitetsområde Kirkhornsbakkane
- Nærmiljøanlegg Haugen/Hjellbakkane
- Volda skisenter; offentleg toalett
- Opprusting av gamle brygger, Hornindalsvatnet
- Tilkomst rullestol brukara/fiskarar langs vatnet og elveosen – Grodås
- Turveg Rotevatnet, planavklaring/sikring av grunn.
- Volda skisenter; nytt skitrekk

Desse tiltaka kan få plass i handlingsprogrammet og ha prioritet ved seinare rullering etter kvart som planane vert konkretiserte.

Vurdering og konklusjon:

Det er betydeleg aktivitet og interesse for å finansiere ulike anlegg for idrett og fysisk aktivitet med tilskot frå spelemidlane og kommunen har motteke fleire innspel frå lag og organisasjonar under førebuingarbeidet med rullering av handlingsprogrammet.

Kommunedirektøren ser det som viktig at dei prosjekta som allereie er igong og har fått godkjent sine søknadar bør plasserast høgt på lista slik at dei ulike lag/organisasjonar som har ansvar for prosjekta får utbetalt sine tilskot raskast mogleg og slepp å ha lån/forskotteringsordningar gåande lenger enn naudsynt.

Framlegget til handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv kan sendast på offentleg ettersyn slik det no er utforma.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv utgjør sunne og inkluderende oppvekst- og bomiljø og stimulerer lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.

Konsekvensar for folkehelsa:

Etablering av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv medfører:

- Auka tilgang til attraktive idrett og fritidstilbod som stimulerer til fysisk aktivitet, og gir tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.
- Arbeid med å realisere slike anlegg kan styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for auka innsats frå frivillige lag og organisasjonar i arbeidet med kultur og fritidsaktivitetar for alle.
- Ivarretaking og styrking av eldsjelene og stimulans til at fleire deltek i frivillig arbeid.
- Positiv verknad som førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.
- Bidrag til å heve standarden på leike- og aktivitetsområda i kommunen
- Styrker og utvidar alternative rusfrie møteplassar for ungdom.
- Utvikling av nye arenaer for kultur og idrettsliv som synleggjer tilbod lokalt og regionalt bidreg til å styrke kommunen sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.

Miljøkonsekvensar:

Dei ulike anlegga for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv utgjør ofte inngrep i naturområde. Det er viktig å ha fokus på omsyn til naturmangfald og naturkvalitetar.

Økonomiske konsekvensar:

For dei anlegga som kommunen er ansvarleg for er det ein førestnad at det vert sett av midlar på investeringsbudsjettet som mogleggjer realisering.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen spesielle

Konsekvensar for barn og unge:

Anlegg som vert ein del av handlingsprogrammet for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er viktige tiltak som i all hovudsak er spesielt retta inn mot barn og unge.

Utskrift av endeleg vedtak:

Utviklingsavdelinga v/Torgeir Stensø for vidare distribusjon

Rune Sjugard
kommunedirektør

